



Arkivnr: 2014/581-12

Saksbehandlar: Guro Klyve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.02.2018

## Garnesstølen 63 (tidl. Arna gymnas) - avtale om utleige av eigedomen

### Samandrag

Arna vgs består av skuleeigedomane Garnesstølen 63 og Vestlivegen 43.

Tilbodet i Arna vil i 2018 verte samlokalisert til eigedomen i Vestlivegen, og fylkestinget godkjente i sak 78/2017 vidare ombygging / rehabilitering av Arna vgs. Ombygging av Vestlivegen 43 er i gang, og Garnesstølen 63 vil vere fråflytta innan 01.01.2019.

Bergen kommune har behov for erstatningslokale frå 01.01.2019 i samband med ombygging / rehabilitering av to av skulane sine i Arna.

Det er framforhandla ein leigeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om leige av Garnesstølen 63. Avtalen gjeld frå 01.01.2019 og i 6 år, med opsjon på 1 år. Årsleiga er kr 2.593.000 eks.mva.

Eigedomsavdelinga hentar no inn takst for Garnesstølen 63, og det vil kome ei eiga sak om mogleg sal av eigedomen. I salssamanheng vil det vere gunstig med ein leigeavtale.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.

**Økonomi:** Utleige av eigedomen vil gje inntekter.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune for eigedomen Garnesstølen 63 i Arna.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Leigeavtale

**Fylkesrådmannen, 05.02.2018**

Arna vgs består av skuleeigedomane Garnesstølen 63 og Vestlivegen 43.

Tilbodet i Arna vil i 2018 verte samlokalisert til eigedomen i Vestlivegen, og fylkestinget godkjente i sak 78/2017 vidare ombygging / rehabilitering av Arna vgs. Ombygging av Vestlivegen 43 er i gang, og Garnesstølen 63 vil vere fråflytta innan 01.01.2019.

Bergen kommune skal bygge om / rehabilitere to av skulane sine i Arna. I samband med dette har dei behov for erstatningsskule frå 01.01.2019 og i minst 6 år.

Det er framforhandla ein leigeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om leige av Garnesstølen 63. Avtalen gjeld frå 01.01.2019 og i 6 år, med opsjon på 1 år. Årsleiga er kr 2.593.000 eks.mva. Eigedomen vert leigd ut «som den er» til skule- / undervisningsføremål, og kommunen vil sjølv stå for naudsynte tilpassingar. I leigetida har kommunen driftsansvaret for eigedomen.

Eigdomsavdelinga har bestilt takst for Garnesstølen 63, og det vil kome ei eiga sak om mogleg sal av eigedomen. I salssamanheng vil det vere gunstig med ein leigeavtale.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.

